

STANDARDAVTALE FOR UTFØRING AV STUDENTOPPGÅVER

(Til bruk når studentoppgåva er knytt til eit forskingsprosjekt på OsloMet – Storbyuniversitetet som allereie er satt i gang med/utan samarbeid med andre verksemder/institusjonar)

Avtale mellom**student**

.....
(namn) (fødd) (studentnummer)

emneansvarleg ved OsloMet – Storbyuniversitetet (heretter OsloMet)

.....
(namn)

ev. samarbeidande verksemd/institusjon

..... **og**
(namn/adresse/kontaktperson)

OsloMet v/instituttleiar

om bruk og utnytting av spesifikasjonar og resultat lagt fram gjennom bachelor-/masteroppgåve.

1. Studenten skal ev. utføre den tildelte bachelor-/masteroppgåva ved:

..... (verksemd/institusjon)

Tittelen på oppgåva er:

.....
.....

2. Universitetet har plikt til å oppbevare bachelor-/masteroppgåva slik den er levert inntil eksamen er avslutta, klagefristen er ute og vitnemål er utferda. Kopi av skriftleg dokumentasjon og bilde av gjenstanden skal lagrast inntil 1 – eitt – år.
3. Det er den som skaffar fram ein database som har vern etter åndsverkloven § 43. I dei tilfella ei datainnsamling er gjort av ein student på eit lågare nivå, som også skal nyttast av andre studentar på same eller høgare nivå, gjerast

følgande avtale: Data som studenten samlar inn med universitetet sine ressurser, og skal bruke i arbeidet med oppgåva, skal høyre til OsloMet, ev. OsloMet v/ lab-gruppe

4. I samsvar med åndsverkloven har studenten alltid dei ideelle rettane til eige bidrag. Det betyr retten til å bli namngitt og respektretten (det som er gjenstand for opphavsrett skal ikkje bli øydelagt eller vanæra).
5. OsloMet har eigedomsretten til studenten sitt bidrag i universitetets prosjekt. Dei innleverte eksemplara av oppgåva med teikningar, modellar og apparatur, så vel som dataprogramvare som inngår som del av eller vedlegg til oppgåva skal derfor høyre til OsloMet med dei reservasjonar som følger av punkt 7. OsloMet får ein vederlagsfri bruksrett til resultatata av oppgåva, inkludert vedlegg til denne, og kan nytte dette til undervisnings- og forskingsformål med de eventuelle avgrensingar som kjem fram i punkt 8.
6. Studenten har rett til å inngå avtale med OsloMet om publisering av oppgåva si i OsloMet sitt institusjonelle arkiv på internett. Studenten har også rett til å publisere si oppgåve, eller delar av den, som ei sjølvstendig avhandling eller som del av eit større arbeid, eller i popularisert form i kva for ein offentleg publikasjon som helst. Publisering må ikkje vere i strid med eventuelt avtalte avgrensingar som kjem fram i punkt 8.
7. Dersom oppgåva blir utført i samarbeid med ei verksemd / ein institusjon, har verksemda/institusjonen rett til å få utlevert eit eksemplar av oppgåva med vedlegg, og til å gjere seg kjent med OsloMet si vurdering av den. Verksemda/institusjonen kan nytte spesifikasjonar i og resultat frå oppgåva i si eiga verksemd.

Verksemda/institusjonen får ein frist på 3 – tre – månader frå oppgåva er levert til universitetet for sensurering, til å vurdere moglegheit for å patentere og søke patent på heile eller delar av resultatet av oppgåva. Dersom spesifikasjonar og resultat frå oppgåva skal utnyttast økonomisk av verksemda/institusjonen, må det gjerast særskilt avtale med alle partar. OsloMet sin tilleggsavtale om økonomisk utnytting skal da brukast. Avtale om økonomisk utnytting skal lagast i 4 – fire – eksemplar der partane skal ha kvart sitt og er gyldig når den er godkjent og underskrive av OsloMet v/instituttleiar.

8. Oppgåva er offentleg tilgjengeleg, jf. offentleglova § 26. I særlege tilfelle kan partane avtale at offentleggjering av heile eller delar av oppgåva, i samsvar med punkt 6 ovanfor, blir utsett for ein periode på maksimalt 3 år; dvs. at den ikkje er tilgjengeleg for andre enn student og verksemd/institusjon i denne perioden.

Oppgåva skal være undergitt utsett offentleggjering i

eitt år	
to år	

tre år	
--------	--

(sett kryss bak tal på år om dette punktet er aktuelt)

Behovet for utsett offentliggjøring er grunngitt ut frå følgende:

--

Dei delane av oppgåva som ikkje er undergitt utsett offentliggjøring, kan publiserast i OsloMet sitt institusjonelle arkiv på internett, jf. punkt 7.

Dei delane av oppgåva som er undergitt utsett offentliggjøring skal lagrast i eit lukka arkiv i perioden nemnt over.

Sjølv om oppgåva er undergitt utsett offentliggjøring, skal verksemda/institusjonen legge til rette for at studenten kan nytte heile eller delar av oppgåva i samband med jobbsøknader, samt vidareføring i eit doktorgradsarbeid.

9. Denne avtalen skal gjelde framfor andre avtaler som er eller blir oppretta mellom to av partane som er nemnt ovanfor. Dersom student og verksemd/institusjon inngår avtale om at det studenten får kjennskap til i verksemda/institusjonen skal vere konfidensielt, skal inngått avtale om teieplikt leggest ved denne avtalen.
10. Eventuell ueinigheit som følge av denne avtalen om bachelor-/masteroppgåve skal søkast løyst ved forhandlingar. Om dette ikkje fører fram, er partane einige om å la tvisten avgjerast ved skiltsdom i samsvar med norsk lov. Tvisten blir avgjort av Oslo tingrett eller den han/ho oppnemner.
11. Denne avtalen er underskrive i 4 - fire – eksemplar, partane skal ha kvart sitt eksemplar. Avtalen er gyldig når den er godkjent og underskrive av OsloMet v/instituttleiar.

Student

.....
(underskrift) (dato)

Emneansvarleg

.....
(underskrift) (dato)

For verksemda/institusjonen

.....

(dato, underskrift og stempel)

Avtalen er godkjent av OsloMet – Storbyuniversitetet ved instituttleiar

.....(dato, underskrift og stempel)